

Praktiske opplysningar:

Kurset vert halde i perioden 21. – 26. februar 2010. Du må då i tillegg setja av datoane 20.02. og 27.02 for å koma deg til og frå Marrakech. Du kan sjølvstøtt også utvida opphaldet ditt i Marokko.

Når det gjeld flyreise, er det beste og rimelegaste alternativet Norwegian, som flyg direkte Oslo-Marrakech laurdagar.

Sjå www.norwegian.no

For deg som ønsker at vi reserverer rom på eit mellomklassehotell til ca 370 NOK natta, er det viktig at du gjev melding til Thor Arne på

tor.badr@online.no om dette.

Du betalar sjølv hotellet ved avreise. Denne reservasjonen bør gjerast i god tid for at du skal vera sikker på å få rom. Prisen inkluderer halvpensjon.

Påmelding og spørsmål om kurset, kontakt aeskogen@online.no


Har du spørsmål om Marrakech, kontakt:
tor.badr@online.no



FORTELJARKURS I MARRAKECH



Den gode forteljinga løftar deg ut av tid og stad – slik at dører blir opna – tilbake til noko som ein gong var, inn til nye ukjende rom og ei framand verd. På sitt beste får ho deg til å lytta, drømme og forstå.





Forteljinga appeller både til hovudet og hjarta og er eit gammalt, enkelt og sterkt verktøy for læraren i møte med elevane.

"Elevenes hug til å prøve seg må møtes av lærere med fortellerglede og meddelelse-sevne som vedholder de unges lyst til å komme vidare". (Sitat fra læreplanen, juni 2006)

Forteljarkunsten har lenge vore underkjent i skulen, men er no i ferd med å få sin renesanse. For å bli ein god forteljar, må ein først og fremst våga å by på seg sjølv, men òg ha eit bevisst forhold til språk, intonasjon og dramaturgi. Kurset vil opna for korleis ein kan ta dette i bruk og nytta det i undervisninga.

På kurset vil du:

- få høyra forteljingar
- jobba fram egne forteljingar
- øva på å fortelja
- bli gjort bevisst på eige forteljarspråk

Kursleiar er forteljar Anne Elisebeth Skogen. Ho er dramalærer og jobbar til dagleg i Kulturskulen i Suldal i Ryfylke, forutan at ho driv som frilans forteljar.

Les meir på www.forteljarkokeriet.no



Tilretteleggjar for kurset er Thor Arne Hauer som bur i Marrakech og drifter www.marrakech.no. Hauer har vore tilknytta Marokko siden 1981, snakker arabisk og har skrive boka "Marokko".

Kurset vert halde siste veka i februar 2010 i Marrakech, i ein gamal riad i medinaen. I Marrakech er gamal forteljartradisjon framleis levande.

Kurset går over seks dagar, der vi ein av dagane reiser ut til kystbyen Essaouira. Det var der Torbjørn Egner skreiv Kardemommeby.

Max 12 kursdeltakarar.

Kursavgift: 6800kr.

Flyreise og hotell kjem i tillegg.

Meir om det på neste side.

Påmelding fortløpende til:

Anne Elisebeth Skogen

tlf. +47 91340078 eller

aeskogen@online.no

